

Stad: Rubbhallen

Dato: Tysdag 06.12.2022

Registrering av stemmer frå kl. 17:20 - 17:50. Oppmøte etter kl. 17:50 gir ikkje stemmerett på det ekstraordinære årsmøtet.

SAKLISTE

SAK 13.	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.....	2
SAK 14.	VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVA UNDER MØTEBOK OG VAL AV TO VALOBSERVATØRAR.....	2
SAK 15.	TILBAKEBETALING NÆRINGSKUNDAR OG KYRKJER.	2
SAK 16.	STØTTE TIL LYSSETTING VETAHAUGEN	5



Sak 13. Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sak 14. Val av to personar til å skriva under møtebok og val av to valobservatørar

Sak 15. Tilbakebetaling næringskundar og kyrkjer.

Haugaland Kraft har vedtatt at dei vil betale ut eit tilleggsutbytte til sine eigarar på totalt 150 millionar. Utbetalinga er basert på rekneskapen for 2021 og utviklinga så langt i 2022. Utbetalinga vil skje i to omgangar. Første halvpart vil bli utbetalt i løpet av november, medan resterande halvpart vil bli utbetalt i løpet av januar 2023. Utbetalinga vil redusere eigenkapitalen i selskapet, og ikkje påverke resultatet i 2022 eller utbytte i 2023.

Finnås Kraftlag SA vil i tråd av sitt eigarskap få utbetalt totalt 14,4 millionar fordelt på to utbetalingar på 7,2 millionar kvar.

Regjeringa har innført eit utval av ulike støtteordningar for ulike typar kundar, organisasjonar eller næringar. Nedanfor er dei viktigaste ordningane gjort greie for:

Private hushaldingar:

Private hushaldingar får dekka 90% av straumkostnadane over ein snittpris på 70 øre/kWh eks. mva. Ordninga vart innført frå desember 2021, men då med 80%. Frå september 2022 auka prosentsatsen til 90%.

Jordbruk og veksthusnæring

Stortinget har vedtatt en midlertidig ordning for straumstønad til jordbruks- og veksthusnæringa. Ordninga er innretta etter lik modell som straumstøtteordninga for hushaldingar. For jordbruksnæringa er ordninga avgrensa til et maksimalt forbruk på 20 000 kWh/mnd. per føretak. Ordninga for veksthusføretak har ingen maksimal grense på forbruk per føretak.

1. juli 2022 ble vatningslag innlemma i ordninga på lik linje med veksthus.

Jordbruksforetakas tak på 20 000 kWh/mnd. er foreslått heva til 60 000 kWh/mnd. for perioden oktober–desember 2022.

Landbruksdirektoratet forvaltar ordninga

Idrettslag og frivillige organisasjonar

Frivillige lag og idrettslag får likt som private hushaldingar (90% over 70 øre/kWh). Ordninga er søknadsbasert og handterast av lotteritilsynet.

Kyrkjer:

Tilskotet vil bli fordelt ut i frå talet på sokn i fellesrådet. Nivået for støtta per sokn vil være lik for alle, og det er ei føresetnad at midlane utbetalast i løpet av 2022. Det vert ikkje teke omsyn til storleiken på kyrkjerommet eller nivå på straumutgiftene for det enkelte bygg. Det kan søkast om inntil 45 000 kroner per sokn. På Bømlo er det fire sokn. Bømlo, Moster, Lykling og Bremnes. Om desse får maksimal støtte, vil dei samla kunne få kr. 180 000.-

Dei fleste kyrkjene på Bømlo er etter måten store, og felles for alle er at det er eldre energikrevjande bygningar.

Næringskundar:

Bedrifter med minst 3 prosent straumintensitet kan søke om tilskot til å betale straumrekninga og til å investere i energiltak.

Bedrifter som gjennomfører energikartlegging vil kunne få dekkja inntil 25 prosent av straumprisen over 70 øre for månadene oktober, november og desember 2022, medan bedrifter som i tillegg vel å investere i enøktiltak vil kunne få inntil 45 prosent av straumprisen over 70 øre. I tillegg kjem enøk-støtte på inntil 50 prosent av investeringskostnaden. Dette vil i stor grad dreie seg om tiltak som ikkje får støtte i dag, som energistyringssystem, etterisolering og solcellepanel. Det er skapt ei forventning om at næringsdrivande skal kunne inngå gunstige fastprisavtalar frå januar 2023. Slike produkt er enda ikkje på plass.

Merkur:

Nærbutikkane får ei ekstraløyving på 23 millionar kroner for å kompensere for høge straumprisar. Omtrent 280 av 580 Merkur-butikkar ligg i den delen av Sør-Norge som har hatt ekstraordinært høge straumprisar i 2022. (gir snitt på kr. 82 000,- pr. butikk)

Kommunal- og distriktsdepartementet arbeider nå saman med Distriktsenteret for å få på plass eit regelverk for kven som kan søkje om støtte og kor mykje støtte kvar butikk kan få.

Styret si vurdering:

Styret har i lengre tid vore bekymra for dei høge straumkostnadane til næringslivkundane på Bømlo. Alle kundane har hatt auka kostnadar, men mange har vore del av støtteordningar der dei har fått tilbakebetalt av staten. Dette har stort sett ikkje treft næringslivet og kyrkjene. Med dette som bakgrunn har styret forsøkt å finne fram til ei ordning som kan vera med på å unngå fråfall av arbeidsplassar, bedrifter og aktivitet i Finnås kraftlag sitt konsesjonsområde.

Samvirkelova og vedtektene gir premissar for korleis eigarane kan disponere årsoverskotet. Styret har likevel lov til å gjere forretningsmessige disponeringar, og det er lov til å dele ut gåver til samfunnsnyttige føremål (samvirkelova §34).

Med bakgrunn i ovannemnde har styret kome fram til nokre premissar for ei tilbakebetalingsordning som kan vera kjærkomen for kundar av Finnås Kraftlag AS. Ordninga er forretningsmessig ved at ho innbyr til nye kundar, premierer lojalitet og byggjer omdøme. Vidare har ho eit preg av å vera ei samfunnsnyttig gåve ved at ordninga bidreg til å oppretthalde/redde næringslivet på øya.

Styret ynskjer årsmøtet si aksept for denne løysinga og har difor valt å kalle inn til eit ekstraordinært årsmøte.

Følgjande premissar ligg til grunn for styret sine tilrådingar om tilbakebetaling til næringskundar:

Om alle kriteria nedanfor er oppfylt, kan kunde få tilbakebetaling:

1. Næringsdrivande med organisasjonsnummer eller kyrkjer
2. **1. utbetaling 7,2 millionar:**
Kjøper straum av Finnås Kraftlag AS og har aktivt kundeforhold pr. 10.12.2022.
(Gjeld og pliktkundar overført frå Finnås Kraftlag AS)
Har kjøpt straum av Finnås Kraftlag AS i perioden 01.01.2022-30.09.2022. Det er kostnaden for kraftforbruket i denne perioden som er grunnlag for berekninga av utbetalinga.
3. **2. utbetaling 7,2 millionar:**
Aktiv straumkunde registrert før 10.12.2022
Nye næringskundar registrert før 31.12.2022 som bind seg til Finnås Kraftlag i 12 månadar vert og del av utbetalinga.
Kraftforbruket i perioden 01.10.2022- 31.12.2022 dannar grunnlaget for berekning av utbetalinga uavhengig av leverandør i perioden (krev fullmakt frå kunde).
4. Om mottakar av tilbakebetalinga har kundar som leiger lokale inkludert straum, eller har kundar med minusmålar- skal desse få sin part av tilbakebetalinga av utleigar. Om det i ettertid vert kjent at dette punktet ikkje er følgt, vil det medføre krav om tilbakebetaling til Finnås Kraftlag AS.
5. Dersom kunde skylder selskap i konsernet Finnås Kraftlag SA, skal tilbakebetalinga først motreknast uteståande.

Avgrensande faktorar:

1. Max utbetaling på kr. 200 000,- pr. kunde pr. utdeling
2. Ordninga gjeld ikkje jordbruk og veksthusnæring
3. Ordninga gjeld ikkje idrettslag og frivillige organisasjonar som kvalifiserer til stønad frå lotteritilsynet.
4. Ordninga gjeld ikkje næringsdrivande med abonnement som vert rekna som husholding, då desse kjem inn under statleg støtteordning. (Utleige av bustadar eller hyblar m.m.)
5. Ordninga gjeld ikkje bedriftshytter.

Tilråding til vedtak:

Årsmøtet gir styret fullmakt til å iverksette ei tilbakebetalingsordning for næringskundar og kyrkjer etter presenterte kriteria, men med rom for mindre endringar.

Dei som mottok tilbakebetaling må vera kunde av Finnås kraftlag AS eller kundar overført til pliktleveranse frå Finnås Kraftlag AS.

Beløpet som kan nyttast til tilbakebetaling skal ikkje overstige 14,4 millionar.

Sak 16. Støtte til lyssetting Vetahaugen

I 2024 er det 1000 år sidan innføringa av kristenretten i Noreg. Dette skjedde på Mostratinget sett av Olav Haraldsson og Bisp Grimkjell i år 1024. Innføringa av kristenretten var starten på ei omfattande og radikal samfunnsomvelting. Det markerte byrjinga på ei ny tid, med sterkare menneskelege omsyn og rettsvern for individet. Det var her statsdannings-prosessen for Noreg starta.

Moster 2024 AS skal setja lys på verdigrunnlaget som blei lagt for nasjonen Noreg med utgangpunkt i hendinga i 1024. Verdier som landet i dag framleis er bygd på, og som det gjennom jubileet skal skapast auka medvit kring. Målsettinga med 1000 års-jubileet er å sjå på Noregs verdigrunnlag i moderne kontekst, og oppnå brei merksemd og refleksjon kring tematikken.

Moster 2024 AS skal skapa eit nasjonalt jubileum med barn og unge som hovudmålgruppe. Det vil vere fokus på medverknad, dialog og aktivitetar som hovudmålgruppa sjølv langt på veg er med og legg premissene for. Visjonen for jubileet er : "*Frå maktsamfunn til rettssamfunn*" og verdiane som vert tematisert er: «*Fridom*», «*Rettsvern*» og «*Likeverd*».

I 1924 var det ei stor feiring av 900-årsjubileet for at Kristenretten vart vedteken på Mostratinget, med besøk av Kong Haakon og heile 8000 besøkande. «*Krossen på Vetahaugen*» står igjen som minnesmerke etter dette jubileet.

"Der er ingen vei op til Vetahaugen, men en knudret sti, hvor en gjeit aa en sau kan gaa. Men kongen gikk denne knudrete sti i spidsen for flere tusinde mennesker som ogsaa ville op aa høre avsløringstalen aa se naar teppet faldt", skriv skomaker Håkon Pedersen i sitt amerikabrev frå Mosterhamn datert 21.8.1924.

Moster Grendautval har ynskje om å bota på dette til 2024 og har spela inn eit ynskje om at tilkomsten til minnesmerket blir utbetra for å gjera minnesmerket tilgjengeleg for fleire. Vidare er det eit ynskjemål at gangstigen og krossen vert lyssett, at området rundt Vetakrossen vert oppgradert og at området mot kalkgrua/amfiet vert sikra med ein glassrekkverk. Det er skissert ei ny løype på ca 440 m opp til krossen, og ned til Olavskjelda - kor ein kan kombinera kabelgrøft og pukklagt gangsti, samt parkbelysning med 22 stk Helena 3m lysmaster med Helena parklampar, QR-stasjonar langs løypa, lyssett kross og skiferlagt område rundt krossen, samt glassrekkverk mot gruva.

Denne oppgraderinga av parkanlegget rundt Moster Amfi er kostnadsrekna til 3,3 mill kroner.

Moster grendautval vil vera prosjekteigar og førestå dugnadsarbeid i samband med denne oppgraderinga av parkanlegget og det er inngått samarbeidsavtale mellom Moster 2024, Bømlo kommune og Moster grendautval om drift og vedlikehald av parkanlegget.

Styret si tilråding:

Markeringa av at det er 1000 år sidan innføringa av kristenretten i Noreg, er ei markering av ei hending som har hatt stor betydning for utviklinga av Noreg. Markeringa er ei nasjonal hending definert som eit riksjubileum. Om Finnås Kraftlag skal velje ut eit prosjekt som er felles for heile Bømlo og som utpeikar seg som noko spesielt over lang tidshorisont, må dette prosjektet vera det rette. Årsmøta i Finnås Kraftlag SA har i mange år sett av store beløp til små og store prosjekt på Bømlo. Alle desse prosjekta har ikkje blitt realisert, og det har gjennom åra samla seg opp eit større beløp som ikkje er gjort krav på/betalt ut. Det er difor ikkje friske midlar styret ynskjer å bruke til dette prosjektet, men allereie tidlegare avsette midlar.

Viktige moment som styret har lagt til grunn for si tilråding:

- **1000 år – lang tidshorisont og rundt tal**
- **Riksjubileum**
- **Nærmiljøanlegg**
- **Omdisponering av tidlegare tildelte midlar**

Tilråding til vedtak:

Ekstraordinært årsmøte gir styret fullmakt til å omdisponere tidlegare avsette , ikkje utbetalte, midlar til Moster 2024 AS og Moster Grendelag. Kr. 1 000 000,- vert gitt i gåve til prosjektet med utbetring av tursti opp til Vetahaugen og lyssetting av sti og Krossen på Vetahaugen.

Midlane skal først utbetalast når prosjektet er fullfinansiert. 50% ved oppstart og 50% ved ferdigstilling.